

# Fakta om Språk



Det finst fleire enn **6772856700 menneske** på jorda. Me snakkar over seks tusen forskjellige språk. Annakvar veke forsvinn eit språk. I løpet av dei neste hundre åra vil truleg halvparten av språka på jorda vera borte. Eit ord som dei fleste menneska i verda forstår er **ok**.

I Noreg bur det minst 4833600 menneske som kan snakka over **to hundre forskjellige språk**. Samisk og norsk er offisielle språk i Noreg. Det finst to norske skriftspråk: nynorsk og bokmål. Det er ingen reglar for korleis me skal snakka norsk. Dei fleste nordmenn talar **dialekt**.

Det finst meir enn **300000 ord** i det norske språket. Ein vanleg niåring bruker omlag 5000 ord. Dei orda du bruker oftast i løpet av ein dag på SFO er sannsynlegvis **eg, og** eller **ikkje**. Kva for eit av desse orda bruker du mest: **ja eller nei?**